



# FITJAR

## *Naturlegvis*

Fitjar kommune

# Kommuneplan 2020 – 2040

Samfunnsdel



FS 16.09.29  
KS 30.09.20

Foto: Gunnbjørg Austrheim copyright©

<b>INNLEIING .....</b>	<b>2</b>
KOMMUNEPLANEN SOM STYRINGSVERKTØY .....	3
REVIDERING AV SAMFUNNSDELEN .....	3
GJENNOMGÅANDE TEMA FOR SAMFUNNSUTVIKLINGA FRAMOVER .....	4
SAMFUNNSDELEN SOM PLAN FOR FOLKEHELSE .....	4
SAMFUNNSDELEN SOM KLIMA- OG MILJØPLAN .....	6
SAMFUNNSDELEN FOR BARN OG UNGE .....	8
<b>SENTRALE OMGREP I PLANEN .....</b>	<b>9</b>
<b>FITJAR 2020 – KOMMUNESENTER OG BYGDER .....</b>	<b>10</b>
SELEVIK - DÅFJORDEN .....	10
ØVREBYGDA .....	10
FITJAR - KOMMUNESENTER .....	10
OSTERNES .....	11
STRANDO - HAGEBERG .....	11
<b>UTVIKLINGSTREKK I FITJAR KOMMUNE .....</b>	<b>12</b>
FOLKETAL OG BEFOLKNINGSFRAMSKRIVING .....	13
<b>Å SKAPA SAMAN – MEDVERKNADSPROSESSEN .....</b>	<b>16</b>
MEDVERKNADSPROCESS .....	17
<b>LEVANDE SENTRUM OG BULYST .....</b>	<b>18</b>
SENTRUMSUTVIKLING .....	18
GRØN MOBILITET .....	20
BUSTADSTRATEGI OG BUFORMER – Å BYGGJA ATTRAKTIVITET GJENNOM MANGFALD .....	21
FITJAR FOR ALLE .....	22
FRILUFTSLIV .....	25
<b>FITJAR I BEREKRAFTIG VEKST .....</b>	<b>28</b>
NÆRINGSUTVIKLING OG ARBEIDSPlassAR I FRAMTIDA .....	28
BU- OG ARBEIDSMARKNADSREGION, INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSAREAL .....	29
<b>SMARTE OG KOMPETENTE KOMMUNALE TENESTER .....</b>	<b>32</b>
UTFORDRINGAR .....	33
FOKUS PÅ BRUKAREN SINE RESSURSAR .....	33
KOMPETENTE OG ENGASJERTE MEDARBEIDARAR ER VÅR STØRSTE RESSURS .....	34
DIGITALISERING .....	35
BYGGE PARTNARSKAP MELLOM KOMMUNEN OG OMGJEVNADANE – KAPASITETSBYGGING .....	35
SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP .....	36
<b>DEN GRØNE KOMMUNEN .....</b>	<b>37</b>
AKTIVT LANDBRUK .....	37
NASJONALT VIKTIG KULTURLANDSKAP I FITJARØYANE .....	38
FITJAR I VINDEN .....	39
SIRKULÆRØKONOMI – EIT KRETSLAUP DER MINST MOGELEG RESSURSAR GÅR TAPT .....	39
BIOLOGISK MANGFALD .....	40
FISKERI OG- HAVBRUK .....	41
OMSTILLING TIL LÅGUTSLEPPSAMFUNN .....	42
<b>STERKE SAMAN – REGIONALT SAMARBEID .....</b>	<b>46</b>

## Innleiing

Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Planen er vårt viktigaste strategiske verktøy når me skal leggje til rette for ønskt samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon.

Visjonen for planperioden 2020-2040 er



Innbyggjarane i Fitjar har medverka direkte i planarbeidet, og det har auka idetilfanget i planen, gjer den meir treffsikker og gjer iverksetting mogeleg.

Kommuneplanen skal iverksetjast i eit partnerskap mellom kommunen, frivillige organisasjonar, næringslivet og den einskilde sitt engasjement. Kommunen sine prioriteringar vil påverka våre tenester og våre budsjett framover.

Planen peikar på retninga Fitjar vil utvikla seg framover, og me er samstundes opne for at me må gripa sjansar når dei oppstår!

Velkomen til felles innsats for å utvikle Fitjar !

Harald Rydland

Ordfører

Olaug Haugen

Rådmann

## Kommuneplanen som styringsverktøy

Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Planen er vårt viktigaste strategiske verktøy når me skal leggje til rette for ønskt samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med ein handlingsdel og ein arealdel. Plan og bygningslova § 11.2 gir følgjande føringar for kommuneplanen sin samfunnsdel:

«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon..

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen.»

Planen skal både sikre kommunen sine interesser og følgje regionale og nasjonale mål. Kommuneplanen sin samfunnsdel gjev føringar for alle underordna planar i alle sektorar i kommunen. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som seier korleis me som kommune og lokalsamfunnet skal følgje opp planen dei neste fire åra, og denne skal koplust saman med økonomiplanen og budsjett jf. plan- og bygningslova § 11-2 og 11-3.

Samfunnsdelen danner grunnlag for arealdelen som består av planskildring, kart og føresegner. Arealdelen seier korleis me skal bruke areala i Fitjar kommune og er juridisk bindande. Arealdelen er planlagt rullert i 2022/23.

Iverksetting av planen vil måtta skje i eit samarbeid mellom kommunen, næringslivet, frivillige organisasjonar , innbyggjarane og andre offentlege styresmakter.

### Rammer for arbeidet

Nasjonale og regionale rammer som har vore sentrale i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel:

- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#)
- [Rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt](#)
- [Regional plan for attraktive senter i Hordaland](#)
- [Regional planstrategi Vestland 2020 – 2024](#)
- [Regional plan for folkehelse Hordaland 2014 - 2025](#)

Regional plan for attraktive senter i Hordaland  
- senterkultur, tenester og handel



### Revidering

av samfunnsdelen

Fitjar kommune sin eksisterande kommuneplan samfunnsdel var frå 1999, medan arealdelen vart vedtatt sist i 2012.

## Gjennomgåande tema for samfunnsutviklinga framover

Samfunnsdelen skal gje retning til ønskt utvikling. Visjonen for planperioden er:



Visjonen skal gje Fitjar kommune tydeleg retning for vår utvikling fram til 2040;

*Me er eit samfunn med lang og synleg historie, bygd på bruk og god forvaltning av naturressursar som skapar verdier. Og det vil me framleis vera. Fitjar er prega av eit nøysamt folk med kreative eldsjeler, sterk dugnadsånd og spleiselag. Me gjennomfører! I Fitjar opplever du det nære og ekte i natur og folk, og di deltaking, engasjement og kunnskap er velkomen og utgjer ein forskjell. Me vil byggja Fitjar vidare på dette grunnlaget, endra oss når det krevst, og stolt vise at det klarar me!*

**Strategi:** Me tek utgangspunkt i kommunen sine fortrinn for å utvikla oss vidare, samstundes som me vil vera tydelegare på utviklingsretning og kunnskapsbasert fornying.

Fitjar kommune har valt følgjande tema som gjennomgåande for planen:

- Folkehelse (lilla fargekode i HP)
- Berekraftig utvikling (grøn fargekode i HP)
- Barn og unge (blå fargekode i HP)

## Samfunnsdelen som plan for folkehelsa

Lov om folkehelsearbeid (2012) gjev kommunen eit viktig samfunnsoppdrag;

«Å utvikle lokalsamfunn som fremjar helse, utjamnar sosiale skilnad i helse og deltaking i gode sosiale og miljømessige forhold og berekraftige velferdstenester.»


Folkehelselova peikar på fem viktige prinsipp:

- Medverknad
- Berekraft
- Helse i alt me gjere
- Førre var – prinsippet
- Utjamning av sosial ulikskap i helse

### Folkehelse i Fitjar

Helsa og livskvaliteten til Fitjarbuen blir utvikla der folk leiker, lærer, arbeider, dyrkar fritidsinteresser og bur, gjennom heile livet. Ein god stad- og samfunnsutvikling betrar levekåra til innbyggjarane, og gjer det enklare for folk å ta helsefremjande val. Det styrkjer også evna og viljen til å bry seg om og ta vare på kvarandre og samfunnet me er ein del av.

Folkehelse er ikkje resultat av levevanar og helserelatert åtferd aleine. Det er helse i alt me gjer. Derfor er det smart å vurdere helsekonsekvensar når politikk blir utvikla og iverksett i alle sektorar; skule og oppvekst, helse og sosial, plan og teknisk. Arbeidet kan utviklast vidare gjennom avtalar eller partnerskap for folkehelse med offentlege, private eller frivillige lag og organisasjonar i omgjevnadene, næringslivet som skapar arbeidsplassar, lokalt og regionalt. God inkludering på sentrale livsarena bidreg til å oppretthalde eit samfunn med små forskjellar, høg tillit og god livskvalitet.



Den sosiale helsemodellen (Whitehead og Dalgren, 1991)

Folkehelsearbeidet må vera kunnskapsbasert og byggja på tilgjengeleg statistikk og lokalkunnskap som kjem fram i møte med innbyggjarar/brukarar/tilsette og andre. Det må lagast eit system for kontinuerleg oversikt over faktorar som har innverknad på folkehelsa, jamfør Folkehelseloven.

Kommunen ynskjer å ha tenester som har fokus på:

- Tilrettelegging av bustader til alle livsfasar
- Sørge for at tenester innbyggjarane har behov for i kvardagen er tilgjengeleg
- Redusere sosial ulikskap og forskjellige levekår gjennom tiltak retta mot låginntektsfamiliar
- Tilrettelegging for sysselsetting og næringsutvikling
- Bidra til at eldre og innbyggjarar med funksjonsnedsettingar kan bu heime så lenge som mogleg
- Legge til rette for omgjevnader og aktivitet som fremjar helse og førebyggjer sjukdom
- Mobilisere innbyggjarane til å ta vare på seg sjølv og omgjevnadane sine
- Sikre oppleving av tryggleik og tilgjenge for alle

## Samfunnsdelen som klima- og miljøplan



Berekraft handlar om at me skal leve og utvikle oss, samstundes med at me gjer neste generasjon minst like gode utviklingshøve. *Plan- og bygningsloven* har som føremål å fremje berekraftig utvikling.

### Plan- og bygningsloven § 1-1 Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging skal etter loven bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Lovdata

Kommuneplanen erstattar Fitjar sin klimaplan- og energiplan frå 2009.

Fitjar vil ta eit tydleg klima- og miljøansvar i både vår tilrettelegging for å utvikla lokalsamfunnet og regionen, og i vår tenesteyting. Kommunen legg også FN sine berekraftsmål til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Berekraftsmåla vil verta knytt til samfunnsdelen sine ulike kapittel. Kommunen sin klima- og energiplan vert erstatta av kapittelet ” Den grønne kommunen” i kommuneplanen.

Kommunen ynskjer å ha fokus på:

- Gjere det enklare å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsritt
- Leggje til rette for fornybare energiløysingar
- Stille miljø- og etiske krav i alle anskaffingar
- Gjere samfunnet i stand til å handtere klimaendringane. Klimatilpassing.
- Miljøsertifisering
- Forvalte sjøareal på ein forutsigbar og berekraftig måte
- Utvikle og ivareta samanhengande offentleg grønstruktur
- Klimavenleg bustadbygging.
- Redusere miljøgifter, forsøpling og luftforureining

Klimaarbeidet skal vere integrert i alle kommunen sine overordna styringssystem, ein skal synleggjere at dette er leiarar og fagfolk sitt ansvar på kommunen sine ulike fagområde i både planlegging og tenesteyting. FN sine berekraftsmål skal prega kommunen sine tenester, og slik vil me bidra lokalt til å nå den internasjonale ambisjonen:

*“FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030.”*

<https://www.fn.no/Tema/Fattigdom/Baerekraftig-utvikling>



## Samfunnsdelen for barn og unge

Fitjar kommune skal vera ein god stad å vekse opp for barn og unge, med sunne og trygge oppvekstmiljø. Me vil leggje til rette for trivsel og deltaking i eit mangfald av aktivitetar. Livsløpet frå ein er fødd til ein har gjennomført vidaregåande skule er ein viktig periode i livet som skal ruste barn og unge for den framtida dei skal inn i og utvikle. Ingen veit korleis samfunnet vil vere når våre barn og unge er vaksne, og for å ruste barna for livet skal ein oppleve tidleg meistring og tilhøyrse. Livsmeistring vil vere sentralt i alt oppvekstarbeid.

Kvalitet, heilskap og deltaking skal prega kommunen sine tenester til barn- og unge. Me vil ha klare strategiar for å fremje eit lokalsamfunn med små sosiale forskjellar.

Barn sitt oppvekstmiljø i Fitjar vil skapa attraktivitet og skaparkraft både i notida og i framtida. Me ønskjer at barn- og unge som er oppvaksen i Fitjar og Sunnhordland skal finna heimstaden interessant for etablering i vaksen alder, og samtidig vil me vera opne og attraktive for tilflytting for andre uansett bakgrunn.

Det vil vere sentralt å ha fokus på:

- Sikre barn og unge kompetanse for framtida
- Nytte barn og unge sine eigne ressursar gjennom medverknad
- Gje barn og unge oppleving av fellesskap og å høyre til
- Arbeide systematisk for å gje alle like moglegheiter
- Sikre tidleg og tverrfagleg innsats og sikre gode helsetilbod som er retta direkte mot barn og unge



Medverknad Ope hus,  
foto: Mone Nilsen

## Sentrale omgrep i planen

### Berekraftig utvikling

Ei utvikling som tilfredsstillar behova me har idag, utan å øydeleggje for framtidige generasjonar sine moglegheiter til å tilfredsstillar sine framtidige behov.

### Sentrum

Eit sentrum er eit konsenteret og avgrensa område med ei kjerne der du kan gå til alt.

### Regionsenter

Regionsenter blir definert som ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland.

### Folkehelse

Begrepet tar opp i seg økonomiske, fysiske, psykiske og miljømessige forhold som påverkar helsetilstanden.

### Partnerskap

Langsiktige samarbeidsrelasjonar som fremjar nyskaping, kvalitet og verdiskaping i lokalsamfunnet. Samarbeid mellom kommune, næringsliv, sivilsamfunn og FoU

### Sentrumsstruktur / urban struktur

Kva mønster / struktur tettstaden er bygd opp rundt. Det vil seie utforminga av sentrum i tettstaden i eit system av gater, plassar, kvartal og korleis bygningane er organisert innanfor dette.

### Fortetting

Med fortetting meiner me all byggeverksemd innanfor område som er utbygd og regulert i dag – og førar til høgare eller meir effektiv arealutnytting.

### Nærmiljø

Eit samleomgrep for dei ulike fysiske og sosiale forholda i eit lokalmiljø. Begrepet rommar til dømes trafikkforhold, samfunnsmessige og kommersielle tenester, barn sine moglegheiter for å leike og moglegheiter for friluftsliv.

### Spreidd busetnad

Bustadtomter med spreidd plassering, utan direkte tilknytning til dei definerte sentra, eller utan å liggje inntil kvarandre.

### Frivillig arbeid

ILO (International labour organization) definerer frivillig arbeid som; «*ikke – obligatorisk arbeid, det vil si at den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter – enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning – uten å ta betalt.*»

### Kulturarv

Kulturarv er den historiske plattformen eit samfunn er bygga på. Kulturarv handlar blant anna om kulturminner, fornminner, mat, musikk, litteratur, dans, handverk og tradisjonar.

### Sosial ulikskap

Sosial ulikskap, sosial lagdeling, sosial stratifikasjon, betegnelse som særleg nyttast i sosiologien for å beskrive oppdelinga av individ og grupper i høgare og lågare lag eller klassar i samfunnet. Økonomisk ulikskap er ei form for, og bidragsytar til, sosial ulikskap.

## Fitjar 2020 – kommunesenter og bygder

Kommune har per 01.10.19 3195 innbyggjarar. Me har eit tydleg kommunesenter, og fire bygdesamfunn.

Både sentrum og bygdene har sine kvalitetar. Skal desse kvalitetane omsetjast til auka attraktivitet og tilflytting krev dette at innbyggjarane og næringslivet i lokalsamfunna engasjerer seg for mogleg etablering av bustadområde og næringsareal. Drivkreftene må koma nedanfrå. Kommunen vil vera open for å vurdere slike etableringar gjennom kommuneplanen sin arealdel, men det må koordinerast med samla utbyggingspolitikk og realiserbare prosjekt og infrastruktur.

### Selevik - Dåfjorden

Ligg flott til i Dåfjorden med nærleik til sjø og flotte naturområde. Her er det tilrettelagt med barnehage, skule, og flott idrettsbane. I nærmiljøet er det oppretta mange turstiar med møteplassar med bl.a. gapahuk, slik at her er gode moglegheiter for småturar. Bygda saknar ein samlingsstad.

Selevik er i ei særstilling av bygdene, der Sagvågsområdet ligg nærmare enn Fitjar sentrum. Lokalmiljøet er prega av sterkt initiativ for å få folk til å busetja seg i bygda m.a. gjennom Dåfjorden næringsforum. Dette viser att i form av auka befolkningsvekst i området, noko som er særst positivt. Eit auka folketal i området vil krevja nytt byggefelt, og betre vegløyning. Det er også høg grad av fokus på næringsutvikling. Fleire lokale arbeidsplassar ligg i nærmiljøet m.a. Dåfjorden slipp. Her er potensiale for nye bustadområde og det kan leggjast til rettes for auka tilgang til sjø/hamneområde.



### Øvrebygda

Ligg vakkert til i området Rydland, Koløyholmen, Helland nord og Årbø. Her er god tilgang til friluftsområde både på land, sjø og vatn. Jordbruk er den viktigaste næringa i området. Det er lagt til rettes for spreidd busetnad, der ein kan både bu tett, men også fritt og fredeleg. I Koløyholmen er det regulert eit mindre område for bustadar-/fritidsbustadar og det er god tilgang til sjø med naust og båtplassar. Storavatnet har ein sentral plass i krinsen som gir gode moglegheiter for ulike aktivitetar der avstanden frå bustadane ikring er kort. Krinsen har både skule og barnehage i nærmiljøet sitt. Det er god aktivitet i lag og organisasjonar der skulebygget er det naturlege samlingspunktet. I krinsen er det gode høve for turar på gamle stiar der kulturhistoria kan utforskast, slik som Hellandspresten og Tislevollssaga.

Øvrebygda har næringsareal på Koløy, Sjoareset og Svartasmoget. Det er eit potensiale i å etablera infrastruktur som bind saman Dåfjorden og Øvrebygda med veg, og det kan utløysa nye næringsareal og byggefelt til sjø. Fjordbassenget mot Bømlo kan også gje fortrinn.

### Fitjar - kommunesenter

Fitjar sentrum er kommunesenteret og det naturlege «lokomotivet» i Fitjar. I kommunesenteret er eit stort fleirtal av innbyggjarane i kommunen busette og her ligg dei fleste serviceinstitusjonane i bygda; rådhus, eldresenter, legesenter, bibliotek, butikkar, skular, barnehagar, kyrkje og større lokale verksemder. Her er ei god samansetjing av ulike næringar som jordbruk, havbruk, smoltanlegg,

byggeverefirma, mekanisk industri, vindkraft og mange andre serviceytande næringer. Midtfjellet Vindpark er synleg og tilgjengeleg . Årskog industriområde er under utvikling og utbygging. Tilgangen til attraktive bustadtomter er god og det er godt tilrettelagt for båtplassar i ulike hamneanlegg. Kultur og idrettsbygget er den naturlege samlingsplassen. Her har lag og organisasjonar ein flott arena for aktivitetstilbodet sitt. Kråko hytteområde har utvikla seg til ein møteplass for mange både frå nærmiljøet og frå distrikta rundt. Området gir mange positive synergieffektar m.a. i form av handel i nærmiljøet.

## Osternes

Den vakre bygda med utsikt mot havet ligg i ein langstrakt krins med mange særpreg. Sandvikvåg er det store trafikk knutepunktet på E 39. Området flott natur med tilgang til vatn, sjø og fjell. Området har mange naturidyllar og det er fleire områder med høg historisk verdi som t.d Gloppevågen, Stokken og Færøysundet. Her ligg det eit stort potensiale i å utnytta båtturisme som eit inntektsgrunnlag. Jordbruk er den viktigaste lokale næringa sjølv om det er i forholdsvis liten skala. Ulike tilleggsnæringer til landbruket kan også bidra til å gjere det attraktivt å slå seg ned i Osterneset og utvikle grenda vidare.

Spreidd busetnad og det å busetja seg på og ved dei eksisterande gardsbruka, halda jorda i hevd og utvikle dei naturgjevne føresetnadene vidare er det som vil helst vil gjera det attraktivt for yngre generasjonar til å bli og busetja seg i grenda, heller enn bustadfelt og hyttetomter. Småskala produksjon av mat/handverksprodukt, andelslandbruk, inn på tunet/grøn omsorg, hytteutleige er døme på tiltak som kan vere aktuelle å utvikle vidare. Området er aktuelt for LNF kan område.



Dugnad Osternes festning. Foto: Stian Larsen

## Strando - Hageberg


Er fine bygder mellom fjellet og Langenuen med E- 39 som den pulserande hovudferdselsåra. Denne delar landskapet i to. Fjellet og fjorden betyr mykje for dei som bur her. E – 39 skapar store utfordringar i høve støy og forbodssonar både for fastbuande og for dei som ynskjer å busetja seg her. Ferjefri E-39, Hordfast, er planlagt over Jektevik noko som vil gje nye mogelegheiter for krinsen.

Her er behov for tilrettelagde områder for bustad/hyttebygging med tilgang til naust og båtplassar. Grendahuset er samlingsplassen for bygda. Det vert framleis drive jordbruk på einkilde bruk. Området har eit stort potensiale for turisme. Her er bratte fjell (fjellklatring), tilgang til sjø (fiske), gode jaktterreng (hjort) og Tindaslottet (overnatting) som eit attraktivt turmål.

Utfordringa når det gjeld busetjing er kort veg mellom E-39 og sjøen. Det er svært knappheit i område mellom 50-meters sonen på begge sider av E-39 og 100-meters beltet til sjøen. Det vil vera ein føresetnad for auka busetnad i Strando å få høve til bygging nærare sjø enn 100 meter og å få bygga naust, småbåthamn og brygger. Området ved ferjeleiet i Sandvikvåg er eit attraktivt sjønært næringsareal ved ferjefri E-39.

## Utviklingstrekk i Fitjar kommune

For å velje dei rette måla og strategiane, må me ha kunnskap om kvar me står i dag. Spørsmåla er kva utfordringar me har, og kva me må satse på for å møte dei. Kunnskap om til dømes folketalsutvikling, demografi, næringsutvikling og kva behov innbyggjarane våre har når det gjeld ulike tenester, legg premissa for korleis me som kommune skal levere tenester og leggje til rette for å utvikle samfunnet. Som faktagrunnlag for kommuneplanen har Hordland fylkeskommune utvikla statistikkpakke, som ein finn på kommunen sine heimesider.




Fitjar kommune har over tid hatt ei positiv vekst i folketallet, også samanlikna med dei andre kommunane i regionen og ein ser dei same tendensane i Bømlo og i Austevoll.

## Folketal og befolkningsframskriving

Den demografiske utviklinga viser ein prognose for vekst i folketalet i Fitjar fram mot 2040, også på grunn av innvandring. Dette er basert på Statistisk sentralbyrå sitt middelsalternativ MMMM.

### Folketalsutvikling, 2000 til 2019 og framskriving til 2040



På tross av auke i folketalet viser framskrivingane ein reduksjon i talet på fødde, og ein relativt stabil og ikkje – aukande, situasjon i talet på barn- og unge i aldersgruppa 1 – 19 år fram til 2030.


Tal barn i barnehagealder vil ikkje auke mykje, men det vil vere behov for fleire barnehageplassar enn det kommunen har per i dag.

Det er behov for å gjera strukturelle vurderingar kring skular- og barnehagar. Ein vil også måtte sjå dette i samanheng med kommunen sitt busettingsmønster og den samla areal- og transportplanlegginga




Rimbareid skule


Foto: Aina Kristin Haaland



Hovudvekta av vekst har vore i områda kring sentrum og Selevik. Eit anna hovudtrekk har vore negativ folketalsutvikling i dei mindre grendene som Osterneset og Øvrebygda.




Den store demografiske endringa i planperioden får me i talet på eldre over 67 år, og først skjer veksten i dei unge eldre i aldersgruppa 67 – 79 år.



Ei auka satsing på folkehelse, sosialt arbeid, førebygging- og rehabilitering, og digitalisering må prioriterast. Samarbeidet med frivillig sektor og utdanningsinstitusjonane må styrkast. Den demografiske endringa vil måtta ha direkte påverknad på prioriteringane i kommunens budsjett og investeringar.

Demografisk utvikling vil påverka den fysiske planlegginga.






## Å skapa saman – medverknadsprosessen

«Den beste måten å forutsi fremtiden på, er å skape den»

Alan Kay

Arbeidet med kommuneplanen har vore organisert slik:



**Arbeidsgruppa** har vore tverrsektorielt samansett frå administrasjonen. Ordførar deltok i arbeidsgruppa i 2019, og før ny kommunelov. Me har ikkje nytta eksterne konsulentar i planarbeidet. Arbeidsgruppa har ansvaret for vurderingar og skrivning av planen i skjeringspunktet mellom kunnskapsgrunnlag, fag, strategi og innspel frå medverknadsprosessen.

Eksplisitt eksternt kunnskapsgrunnlag me har nytta er:

- Statistikkpakke for Fitjar, frå Hordaland fylkeskommune
- Ungdata undersøkinga 2019 i Fitjar
- Oversikt over gang- og sykkelveggar på fylkesveggar og kommuneveggar i Fitjar
- Handelsanalyse for Fitjar
- Stadsanalyse frå PIR II for Fitjar sentrum
- Nasjonale rettleiarar

## Medverknadsprosess

Ca 12 % av innbyggjarane har delteke i direkte dialog i planarbeidet for å auka idetilfang og relevans, og for å skape engasjement for iverksetting.

Planprosessen både med planprogrammet og kommuneplanen (KPS) har gått føre i 2019, med ei brei involvering av lokalsamfunnet. Me har etablert eit innbyggjarpanel

på 13 lag- og organisasjonar som har drøfta planen , me har gjennomført oppsøkjande dialogmøte i heile kommunen der ein har treft innbyggjarane direkte. Metodane me har nytta har vore folkemøte, innleiingar, kreative prosessar med mentometer og ordskyer, kafèdialog og frie plenumsdiskusjonar. Innholdsmessig har det handla om å få fram Fitjar sine:

- Styrkar
- Utfordringar
- Den mogelege framtida og korleis me skapar denne.

Innspela er samla på kommunen sine heimesider.



Medverknadsprosess Rimbareid skule, Foto: Mone Nilsen



## Levande sentrum og bulyst



### MÅL

- Det er eit overordna mål å auka folketalet i Fitjar.
- Kommunesenter med eit kompakt sentrum er ei drivkraft for busetting, aktivitet og attraktivitet.
- I levande bygdesamfunn er ein open for varierte større private initiativ innan bustadbygging og næringsutvikling i kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Hordaland fylkeskommune har vedteke Regional plan for attraktive senter, med følgjande hovudmål:

*“Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket. “*

### Sentrumsutvikling

Utvikling av Fitjar sentrum handlar om forhold som:

- Bustadbygging og fortetting, miljøgate, «byrom» og attraktiv sjøside.
- Levande sentrum med sosiale møteplassar, blanding av handel- servicenæringar og bustader som skapar liv på kveldstid, og tilrettelegging for kultur- og opplevingar.
- Infrastruktur som bind sentrum og omliggjande byggefelt saman og som også knyt bygdene og sentrum tettare saman.


Det var i tidlegare tider handelsstader på Fitjar, Færøysundet, Engesund, Bekkjarvik (i dag Austevoll) og Brandasund (i dag Bømlø). Mange av bygningane her er bevart og gjev eit flott bilde av den gamle kystkulturen. På handelsstadane var det også gjestgiveri. Det var først seinare at Fitjarsjøen blei handelsstad midt i det som i dag blir rekna som sentrum. Det var sjøen som var ferdselsåra, og også i dag er det stor sjøverts trafikk i nærområdet.

Fitjar har i dag eit sentrum som består av ei sentrumskjerne som her blir definert frå Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB) til krysset ved Engevik & Tislevoll AS. Fitjar kultur og idrettsbygg, helsekvartalet, kyrkja, bedehus, offentlege tenestetilbod, rådhus, Fitjar vidaregåande skule, leilegheiter, bustader, hotell, møteplassar og eit godt utval av butikkar innanfor mange bransjar. Båthamn med høve til bunkring og med sanitæranlegg, parkeringsplassar, hurtigladestasjon. Alt dette innanfor den definerte sentrumskjerne. Også dei største arbeidsplassane som Engevik & Tislevoll AS og Fitjar Mekaniske Verkstad AS er i gong avstand til sentrum. Ca 60 % av innbyggjarane i Fitjar bur i ein avstand på under 2 km frå sentrum.



Gangavstand frå sentrum til ulike bustadfelt; Stadanalysen PIT II AS 2019

Ein kompakt kommune med små avstandar og eit definert sentrum gjev oss konkurransefordelar og eit interessant utviklingspotensiale. Ved utviklinga av sentrum, vil me byggje på Fitjar sin identitet. Stadanalyse 2019 er gjennomført. Kommunen vil gjennomføra ny reguleringsplan for Fitjar sentrum i 2020/21 med gode medverknadsprosessar og utvikling av strategiar for investeringsprosjekt, også mellom offentlege og private aktørar.



Ein ny reguleringsplan for Fitjar sentrum skal bidra til å opna Fitjar meir mot sjøen og skape ei attraktiv, tilgjengeleg og

Stadanalysen PIT II AS 2019

trygg sjøside i sentrum. I planarbeidet vektlegg vi også Fitjar sin identitet.

Miljøgata stod ferdig hausten 2019 og bidrar til tryggleik for både mjuke og harde trafikantar og er tiltalende for dei som køyrer, går og oppheld seg i sentrum.

For å skapa eit levande sentrum og auke attraktiviteten og handelen treng me fleire som handlar lokalt og fleire som besøker Fitjarsjøen/sentrum. Sosiale møteplassar og fortetting i bustadbygging er viktig.

Kommunesenteret er sårbart for handelslekkasje og strukturendringar i offentleg tenesteyting. Me må kontinuerleg arbeide for å halda på og vidareutvikla offentlege tenester og arbeidsplassar i Fitjar. I dette arbeidet må fylkeskommunen som regional styresmakt etablere klare strategiar for utvikling av fylket sine kommunesenter og tenestemangfald.

## Grøn mobilitet

Grøn mobilitet er miljømessig, økonomisk og sosialt berekraftig transport med fokus på brukaren. Den omvendte transportpyramiden illustrerer kva reisemetodar ein bør satsa på i eit miljø- og samfunnsperspektiv generelt.

For at Fitjar skal nå våre klimamål, må ein i denne planperioden leggje til rette for redusert transportbehov, auka bruk av gå, sykkel og kollektivtransport samt deletransport og redusert bruk av privatbil. Omstillinga bør handterast gjennom ei brei samfunnsmessig innovasjonsprosess som omfattar både offentleg sektor, næringsliv, frivillige organisasjonar, innbyggjarane og forskingsmiljø.

Det er størst potensial for utsleppsreduksjon ved å redusere trongen for transport. I praksis betyr dette å fortette og utvikle ei attraktivt sentrumskjerne samt sentrumsnære områder. Elles i kommunen er potensialet for å redusere klimagassutslepp i stor grad knytt til tiltak som effektiviserer bilbruken, ved å gå frå fossildrivne bilar til elbilar og betre kollektive løysingar t.d. bestillingsruter eller ringbuss. I partnerskap mellom det offentlege og private er, og vert, det bygd ut ladestasjonar for elbilar i Fitjar sentrum.




Sykkelstativ i sentrum. Foto: Mone Nilsen

Prinsipp for arealutvikling og utbygging:

- Den omvendte transportpyramiden vert lagt til grunn for prioriteringar knytt til arealplanlegging og utbygging (overordna prinsipp).
- Store arbeidsplassar og besøksintensive verksemder skal lokaliserast slik at transportbehovet vert redusert. Talet på parkeringsplassar i sentrum skal vera tilfredsstillande for å sikra tilgjenge til handelsnæringa og stimulere til lokal handel.
- For ein pendlarkommune som Fitjar, må kollektivløysingar utviklast meir for arbeidsreiser og for pendling til vidaregåande skule.

- Lokalisering av kommunale tenester, funksjoner og arbeidsplassar skal vere eit førebilete når det gjeld å bidra til å redusere transportbehovet og gje god tilgjenge utan bruk av privatbil. Kollektivløysingar skal vurderast ved lokalisering.
- Forbindelsar for gåande og syklende, mellom bustader og andre målepunkt, skal opplevast som minst like attraktive, funksjonelle og trygge som forbindelsar for bil. Reguleringsplanar og investeringar i samanhengande gang- og sykkelveggar vil verta prioritert, og søkt om i spleiselag med andre offentlege styresmakter. Dette skal også binda sentrum og bygder tettare saman.
- Kommunen er ein viktig aktør i trafikksikringsarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og medansvar for innbyggjarane si helse og trivsel, har kommunen et stort ansvar for å førebyggja ulukker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å arbeide systematisk med ulykkesførebyggjande arbeid i alle sektorar.



insam

## Bustadstrategi og buformer – å byggja attraktivitet gjennom mangfald

Det er eit overordna mål å auka folketalet i Fitjar. Då er busetting, næringsutvikling og infrastruktur avgjerande.

Fitjar Sentrum med omkringliggjande bustadfelt er i dag tyngdepunktet i busetnaden i kommunen. I grendene er det meir spreidd busetnad og enkelte mindre byggefelt. Eit framtidig ferjefritt E39, Hordfast, vil også utløysa ein integrasjon med Bergen og Bjørnefjorden og kunna føra til nye utbyggingsbehov.

Meir utbygging og fortetting i Fitjar sentrum særleg med leilegheiter for både yngre, førstegangsetablerarar og eldre vil utløysa mindre transportbehov. Ein vil ha tøffelavstand til handel, kulturaktivitetar, møteplassar og offentlege tenester. Det er ønskjeleg å prøva ut nye buformer og moderne arkitektur inspirert av Fitjar sin identitet.

Det er eit ønskje om meir planlagt utbygging av busetnad nærare sjøen og grønstruktur. For å oppretthalda og auka busetnad i grendene vil det også vera eit ønskje om høve for større tomter, naust, småbåthamner og andre anlegg knytt til sjøaktivitetar. Difor bør det vera lettare å få til planlagt bygging i 100m beltet i bygdene, utan at det går på kostnad av tilgjenge til strandsona for alle. Ein må også syta for å bevare eldre naust- og kystkulturmiljø. Strandareal er ein knapp ressurs og eit dyrebart fellesgode som kommunen skal forvalte til beste for alle.

Klimamål og folkehelseutfordringar kan nåast med ein god og framtidsretta bustadstrategi. Det bør stillast krav i reguleringsplanar og bygging til realisering av klimatiltak som t.d. solcellepanel på tak, grunnvarme, passivhus/ plusshus etc. Kanskje ein bør leggje til rette for pilotar av byggefelt som er klimanøytrale. Bygging må tilpassast faktorar for klimatilpassing.

Areal som blir avsett til bustadområde skal vera attraktive med omsyn på ei rekkje faktorar som nærleik til infrastruktur, utforming, soltilhøve, utsikt, kommunikasjon og tryggleik. Det bør stillast krav til estetisk arkitektur.

Det skal leggjast til rette for ulike buformer. Både einebustader i bustadfelt, samt leilegheiter, ulike tun løysingar og minihus. Gjerne med høve for fellesløysingar som til dømes bil-, sykkel- og båtdeling, fellesrom og kolonihagar. I grendene bør ein nytta utbyggingsområda som er identifiserte som «LNF-kan»- område og det kan vurderast mindre byggefelt dersom dette er drive fram lokalt med eit realiserbart potensiale.

Me må ha ei samla kapasitetsvurdering av bustadbehov i høve til folketalsutviklinga, for å hindra ein overmetta bustadmarknad, og lokalisering i høve til areal- og transportplanlegging. Samordna areal- og transportplanlegging er viktig ut frå klima- og miljøomsyn, men det kan ikkje tolkast så stengt at ein hindrar at ein skapar vekstmoglegheiter også i bygder som driv realistiske initiativ fram. Den største befolkningsveksten i Fitjar vil skje sentrumsnært.

Fitjar er også ein stor hyttekommune med Kråko som det store lokomotivet. Det er ønskjeleg med vidare utvikling og fortetting her, og ein ny reguleringsplan er aktuelt. Fleire hytteeigarar oppheld seg lenger på hyttene sine enn før. Ein del vel etter kvart å bruka hyttene som bustad fleire månader i året.

## Fitjar for alle

Frivilligheit er ein viktig premiss for samfunnsutvikling, og i Fitjar har frivilligheita alltid vore sterk. Frivillig innsats utgjer mykje av grunnlaget for sosiale aktivitetar i Fitjar. Me har frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar i skjeringspunktet mellom sivilsamfunnet og offentleg sektor. Eksempelvis 72 frivillige organisasjonar, Fitjar frivilligsentral, Fitjar kultur- og idrettsbygg, Fitjar kulturskule og Fitjar kyrkje. Her er eldsjeler og dugnad!

Innbyggjarane i heile kommunen viser stor vilje til å skape aktivitet og finne gode fellesskapsløysingar.

Rekruttering og gode opplevingar er viktig for å sikre at frivilligheita framleis skal vere ein del av Fitjarbuen sitt daglege liv. Det er behov for å styrka styrearbeidet i lag- og organisasjonar. Frivillig strategi er ein viktig plan for samspelet mellom det offentlege og det frivillige når det gjeld samfunnsutvikling. Det er viktig at ein legg til rette for at ein framleis kan fremje dette som ein del av det unike med dei mindre kommunane. Deltaking skapar bulyst. Det er viktig å oppretthalda mangfaldet i dei organiserte aktivitetane og møteplassane, også med ei fleirkulturell befolkning.

Offentlege verkemidlar må leggje til rette for eit godt samspel mellom det profesjonelle og det frivillige kulturlivet. Kulturentreprenørar kan skape nye arbeidsplassar, og skape nye opplevingar lokalt. Både korps- og revymiljøet på Fitjar er gode eksempel. Potensiale har me også innan kunstutstillingar, litteratur, kino og helsefremmande arbeid.

Forskning viser at frivillig arbeid gir betre helse, trivsel og inkludering, samt hindrar deg å bli einsam. Fitjar kommune skal støtta og leggja til rette for frivillig arbeid og ha jamlege møtepunkt for frivillige lag og organisasjonar, og utvikla meir samspel mellom frivillig sektor og kommunale tenester.

Det er naudsynt å leggja til rette for sosiale møteplassar, og styrka dei møteplassane som finst. For bulyst må det og leggjast til rette for å ofte ha kulturaktivitetar i sentrum. Dette kan til dømes vera eit samarbeid mellom kulturskule, kor, musikklag og andre lag og organisasjonar i bygda, samt NAV og interesseorganisasjonar. Det må i tillegg vera gode kollektivtilbod i nærleiken av dette tilbodet. Her kan det veksa fram arbeidsplassar for arbeidsledige og andre grupper som fell utanfor ordinært arbeid. I tillegg bør det vera aktive seniortilbod både på dag og kveld ved seniorsenteret, med blant anna måltidsfellesskap og aktivitetsskapande tilbod.

På sikt bør alle lag og organisasjonar, og privatpersonar som flyttar til Fitjar, få tilgang til ei teknologisk plattform som er lett å orientera seg i, - for å finna kontaktar til lag/organisasjonar og aktivitetar ein kan delta i. I tillegg skal det vera oppdaterte digitale opplysningstavler i butikkar, bibliotek og offentlege kontor .

Fitjar Kultur og Idrettsbygg er Fitjar Kommune si storstove og Fitjar Kommune vil framleis vera den største eigaren, som og forpliktar seg til å sjå til at det er forsvarleg drift og at det finst gode og varierte tilbod for innbyggjarane der.



Naustområde Rossneset.  
Foto: Mone Nilsen



Kulturminne skal vera tilgjengelege og vera godt merka i kommunen. Kulturminne skal vedlikehaldas og vera godt påpassa i Fitjar. Der bør òg vera eit tett samarbeid med frivillig sektor for å skapa rikt og nyttig engasjement kring kulturminne og bevare interessa for lokal-kulturen. Kulturaktørar bør ha tett samarbeid med skulane og vera open for å visa fram kulturskattar og formidla kulturarv.

Det skal vera gode idrettsarenaer i kommunen. Idrettsarenaer skal vera opne og tilgjengeleg for alle grupper, og med universell utforma tilkomst. Dei kommunale idrettsarenaene bør og i framtida driftast av det lokale idrettslaget innan avtalte økonomiske rammer. Driftsforma gjennom idrettslaget er inkluderande og sår eigarskap og interesse for anlegga som idretten disponerer.

Det bør vera tilbod om fysisk trening og utfalding for alle grupper, både for funksjonsfriske og funksjonshemma. Kommunen og frivillig sektor vil arbeide for låge kontingentar og varierte tilbod som fremjar deltaking for alle.

Fitjar er ein nynorskkommune, og Fitjar kommune skal ha godt og tydeleg språk i alle dokument.



Øvrebygda skule. Foto: Fitjar kommune si heimesida

## Friluftsliv

Fitjar har eit stort mangfald i attraktiv natur, sjø, fjell godt eigna til eit aktivt friluftsliv. Deler av fjellet er godt utbygt med vegnett i samband med vindmølleparken som gir svært god tilgang for alle. Både funksjonsfriske, rørslehemma, sykkel, og barnevogner. I tillegg til område som er lett tilgjengeleg med vegutbygging, er det også urørte område i fjellet. Fitjarøyane er eit eldorado for båtfolk med eit utal øyar, holmar og skjer der det er godt høve til å finna både eigne fredelige lune vikar og populære landsettingsområde med flytebrygger frå friluftsrådet. I tillegg er det også gode turstiar både nær Fitjar sentrum og i grendene.

Det vart gjennomført ei lokal kartlegging og verdisetjing av friluftslivområde i kommunen i 2016, og resultatet går fram i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no). Det er også viktig at turstiar blir merka og haldt ved like, og her blir det lagt ned mykje godt dugnadsarbeid.


Øyane må takast vare på som nasjonalt landskapsområde. Kystlyngheiane må bevarast og skjøttast på ein berekraftig måte. I planperioden bør det utarbeidast ein områdeplan/kommunedelplan for Fitjarøyane, eller innarbeida dette i kommuneplanen sin arealdel når den vert rullert.

Tilgjenge for turistar og andre til øyane må betrast slik at folk utan eigen båt også kan få høve til å bruka øyane meir aktivt til friluftsliv. Smedholmen og andre øyar med utlagte felles flytebryggjer må utviklast vidare som turistdestinasjon med høve for både dagsbesøk og overnatting.

Det må utviklast felles badestrender både sentrumsnært og i grendene der det er naturlege føresetnader for dette. Område i fjellet kan utviklast med skiløyper, akebakke, skøytebane, lysløype, gapahuk og for ulike andre aktivitetar både sommar og vinter.

Alle i Fitjar skal ha lett tilgang til nærturområde.

Fitjar bør marknadsførast betre gjennom sosiale medier.



Figur: Ideal maksimal avstand til grøntområder frå heimen for ulike aldersgrupper



Foto: Fitjarstølane barnehage

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi
<p>Levande og attraktivt sentrum</p> <p>Styrka identiteten og ta vare på historia vår</p>	<p>Investeringar frå utbyggjarar, kommune og andre offentlege aktørar i tråd med ny reguleringsplan</p> <p>Investeringar frå kommune med støtte frå regionalt nivå</p> <p>Fremme staden sin identitet og ta vare på særpreg</p> <p>Skulptur av «Potetkåno», grindanaust med potetbåt, i sentrum</p> <p>Historiske Fitjar. Etablere formidlingssenter.</p> <p>Ivareta Årskog Museum</p> <p>Sosiale møteplassar vurdert i all planlegging</p>	<p>Gjennomføre reguleringsplanarbeid for Fitjar sentrum 2019-2021</p>
<p>Fortetting i sentrum og utvikla sjøsida.</p> <p>Klimatilpassa sentrum</p>	<p>Ny bustadbygging i sentrumskjernen</p> <p>Trygg hamn og attraktiv sjøside.</p> <p>Nytta nasjonale rettleiarar for klimatilpassing for utbygginga i sentrum.</p>	<p>Reguleringsplan med ROS analysar.</p> <p>Nasjonale rettleiarar.</p>
<p>Mangfald av offentlege tenester og arbeidsplassar</p>	<p>Oppretthalda og vidareutvikla offentlege (kommunale, fylkeskommunale og statlege) tenester og arbeidsplassar i Fitjar sentrum.</p>	
<p>Auka aktivitetstilbod</p> <p>Auka kulturtilbod</p>	<p>Bransjesamarbeid med dei ulike aktørar</p> <p>Festival- idrett- og kulturtilbod i Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB)</p> <p>Synleggjere frivillige og organisasjonar sine aktivitetar heile året.</p> <p>Digital kulturkalender</p> <p>Sikre alle barn- og unge tilgang til varierte idretts-og kulturtilbod.</p>	
<p>Lokal patriotisme</p>	<p>Prosjekt «handle lokalt» for innbyggjarar, hyttefolk og turistar.</p> <p>Nye tilbod: bl.a. vinmonopol, apotek, unike etableringar, bubilparkering.</p>	
<p>Utvikle «Destinasjon Kråko» for fleire besøkjande</p>	<p>Plansamarbeid mellom kommune og utbyggjarar</p>	<p>Revidert reguleringsplan/ar for Kråko Sjøhytteområde</p>

Den omvendte transportpyramiden skal vera eit overordna prinsipp i arealplanlegginga.	<p>Fortette og utvikle ei attraktiv sentrumskjerne og sentrumsnære områder.</p> <p>Utvikle gode transportløyningar mellom bygdene og sentrum</p> <p>Utvikle kollektivtilbodet for arbeidsreisande og andre.</p>	KPA, reguleringsplanar
<p>Nærtrafikk i radius 1-3 km rundt sentrum skal bli 50 % fossilfri innan 2030.</p> <p>Både eldre og unge skal kunne delta på aktivitetstilbod ved betre kollektive transportløyningar</p>	<p>Samanhengande gang- og sykkelveggar som er funksjonelle og trygge.</p> <p>Forsøk med el shuttle/ringbuss eller bestillingsrute mellom byggefelt, sentrum og aktuelle bygder.</p> <p>Leggje til rette for sykkelparkering. Lånesyklar</p> <p>Kommunale arbeidsplassar som rollemodellar for grøn mobilitet.</p>	<p>KPA, reguleringsplanar trafikksikringsmidlar</p> <p>Lokalisering av kommunale tenester</p> <p>Samanhengande gang- og sykkelveggar</p>
Ladestasjonar i sentrum.	Oppretthalda og evt. bygge ut ladestasjonar.	
Fitjar godkjent som " Trafikksikker kommune"	Rullere trafikktryggingsplanen, gjennomføre trafikksikker kommune og få hjertesone rundt skulane	
«Grøne pakker» i kvar økonomiplan	Prioriterast i budsjett	
<p>Byggja/gjera tilgjengeleg turstiar og utandørs møteplassar i alle delar av kommunen.</p> <p>Areal tilrettelagt for naust og båt plassar i alle delar av kommunen.</p>	Velforeiningar/grendeutval peikar ut aktuelle stadar	Vert vurdert inn i planprosessen kring arealdelen.
Tilretteleggja for bustadbygging både sentrumsnært og i grendene, tilpassa lokale forhold og samla vurdering av kapasitet.	Vurdere aktuelt areal- og buformer i kommuneplanen sin arealdel og evt. reguleringsplanar.	Vert vurdert inn i planprosessen kring arealdelen. Gode og effektive planprosessar i både kommunal og privat regi.
Utvikla meir sosialt fellesskap.	Tilretteleggja for eit mangfald av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper.	
Utvikla partnerskap mellom kommunen og frivillig sektor.	Oppretthalda eksisterande- og utvikla nye driftsavtalar	

## Fitjar i berekraftig vekst



### Næringsutvikling og arbeidsplassar i framtida


#### MÅL

- Vekst i talet på arbeidsplassar for å sikre framtidig busetting ; gjennom å tilretteleggja for utvikling i eksisterande næringsliv og bransjar i Fitjar.
- Ein stor grad av arbeidsplassane i framtida må skapast, noko som gjer innovasjon naudsynt.
- Ei open innstilling til nye utenkte moglegheiter for næringsutvikling

Fitjar har eit aktivt næringsliv som er bygd på naturressursar – jord, hav, vind og sirkulærøkonomi. Kommunen har også viktige aktørar innan bygge- og entreprenørverksemd. Mange bedrifter er lokalt eller regionalt eigde. Men det er også internasjonale eigar innan visse bransjar t.d vindkraft.

Vekst i talet på arbeidsplassar er viktig for framtidig busetting. Det viktigaste for vekst er å sikra og tilretteleggja for utvikling i eksisterande næringsliv og bransjar i Fitjar. Ein stor grad av arbeidsplassane i framtida må skapast, noko som gjer innovasjon naudsynt.

Næringsstruktur i kommunen, 2018



**Næringslivet peikar ofte på at det viktigaste kommunen kan gjera som tilretteleggjar er å vera positivt innstilt til næringsutvikling, å alltid ha tilgjengeleg næringsareal og areal for bygging av bustader- og fritidsbustadar, og ha kommunale tenester med god kvalitet og godt omdøme.**


For å stimulere til vekst vil me:

- Vidareutvikla partnarskap mellom næringsliv, kommune, andre offentlege styresmakter og sivilsamfunnet som ein har gode erfaringar frå i Fitjar. Dette er arbeidsmetodar som må styrkast ytterlegare og nyttast i både større utbyggingar, gjennom planarbeid og i trivselretta dugnadsarbeid. Partnarskap bør utviklast innan fornyinga av kommunal tenesteyting.
- Sikre tilgang til næringsareal i sjønære område
- Stimulere verdikjedar relatert til eksisterande næringar – frå jord til bord, ekspansjonsareal for bedrifter, kompetansmiljø.
- Tilretteleggja for knoppskyting til nye næringar som har forankring i Fitjar: Berekraftig turisme, utvikling av «Destinasjon Kråko», kulturentreprenørar osv.
- Vera opne for innovativ næringsutvikling.
- Stimulere eit nærings- og arbeidsliv som er tiltrekkjande for unge, og særleg unge kvinner.
- Leggje til rette for god, rask, effektiv og klimavenleg transport og infrastruktur.
- Sikra Fitjar vidaregåande skule som kunnskapsmiljø i Fitjar og Sunnhordland. Den gjev utdanning til 250 elevar frå heile regionen, innan berekraftige og framtidsretta fag. Fitjar har høg kvalitet på si utdanning, og vektlegg tilpassa opplæring som styrkar gjennomføringsgraden for elevane. Skulen har eit nært samspel med nærings- og arbeidslivet innan sine studieretningar. I samspel med fylkeskommunen, arbeidslivet og regionale alliansar skal ein sikra og utvikla skulen.

## Bu- og arbeidsmarknadsregion, infrastruktur og næringsareal

Fitjar er ein del av ein integrert bu- og arbeidsmarknad i ytre del av Sunnhordland med regionsenteret Stord og Bømlo.

Inn- og utpendling, hovudstraumar 2018, sortert etter tal utpendlarar



Utviklinga i bu- og arbeidsmarknaden i desse kommunane vil påverka Fitjar si utvikling i stor grad. For å styrka regionen ytterlegare arbeider ein for realisering av Hordfast som ein del av ferjefri E39. Målet er å ha denne innarbeida i Nasjonal transportplan 2022-2033. Ferjefri E39, Hordfast, aukar integrasjonen mellom Sunnhordland og Bergen, og kan gjera Fitjar til ein meir attraktiv bukommune, og meir sentral for næringsetableringar. Tettare integrasjon mot Bergen kan på den andre sida auka konkurransen om etableringar og om arbeidskraft. Arealkonsekvensen av dette i Fitjar kommune er å identifisere meir og attraktivt tomteareal til framtidig bustadbygging særleg i sentrumsnære område og identifisere nye område for både bustad- hytte- og næringsareal – sjønære og nær E 39 – på austsida av Fitjar.

Dåfjorden og Øverbygda har potensiale til å kunna styrka utviklinga på vestsida av Fitjar. Å byggja veg mellom Dåfjorden via Svartasmoget til Øvrebygda vil binda bygdene tettare saman, og veg i dette området kan utløysa nytt næringsareal ved SIM og nye bustadområde. Dette kan styrka etterbruken av Svartasmoget. Eit sjønært næringsareal her vil kunna ha utviklingsmoglegheiter.

Ei utvikling av dette området vil krevja utbetring av RV 545 ved kommunegrensa til Stord.

Den store pendlinga mellom Fitjar, Stord og Bømlo vil krevja betre kollektivløysingar og ei samordna areal- og transportplanlegging. Det krevst meir effektive kollektivløysingar for ungdom på vidaregåande skule som pendlar mellom fleire kommunar.

Som ein del av arbeidet med grønn mobilitet vil ein i samspel med fylkeskommunen ( fylkesveggar, trafikktryggleik) byggja samanhengande gang- og sykkelvegnett i sentrum, og mellom sentrum og nærliggjande bygder. Dette vil verta innarbeida i ny trafikktryggingssplan 2021- 2026.

Kommunen vil fremja utbetring av fylkesvegnettet ovanfor Vestland fylkeskommune.



Foto: Olaug Haugen

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
<p>Berekraftig vekst og innovasjon i eksisterande næringar og bransjar.</p>	<p>Tilgang til sjønært næringsareal.</p> <p>Ha kommuneøkonomi til å kunne investere i tilrettelegging for næringsutvikling.</p> <p>Partnerskap mellom næring, kommune og andre aktørar.</p> <p>Styrke Fitjar og Sunnhordland i regionale samferdselsprioriteringar.</p> <p>Samspel med det offentlege næringsretta verkemiddelapparatet.</p> <p>Nye reguleringsplanar</p> <p>Effektiv og løysingsorientert rådgjeving og sakshandsaming innan ramma av PBL og kommunale planar.</p> <p>Verdikjedeprojekt «Nisjehus» - Made in Fitjar</p>	<p>Oppretthalda aktivt landbruksareal gjennom jordvern</p> <p>Vidareutvikle Årskog industriområde, og etablere nye sjønære næringsareal</p> <p>Etablere nye næringsareal og hytteområde på austsida av Fitjar ved realisering av Hordfast, ved SIM/ Svartasmoget</p> <p>Vindkraft oppretthalde på dagens areal /reguleringsplan i Midtfjellet</p> <p>Sikra gode areal til havbruksnæringa</p> <p>Tettstadsutvikling i Fitjar sentrum og ny reguleringsplan 2021.</p>
<p>Berekraftig reiseliv – kortreiste opplevingar.</p>	<p>Historiske Fitjar og etablering av formidlingssenter</p> <p>Kystkulturhistorie, Dåfjorden Slip og opna meir tilgang til Fitjarøyane .</p> <p>Etablere kabelferje til Smedholmen</p> <p>Destinasjon Kråko</p> <p>Hurtigbåtstopp i Fitjar, også for å ta imot turistar.</p> <p>Samarbeid med «Visit Sunnhordland»</p> <p>Utvikle «opplevingspakker»</p> <p>El-motorsport</p>	<p>Tilretteleggja for berekraftig reiseliv i Fitjarøyane.</p> <p>Historiske Fitjar inn i planarbeid for Fitjar sentrum.</p> <p>Utvikla «Destinasjon Kråko»</p>
<p>Frå frivillig til næringsaktør.</p> <p>Styrka tenesteytande næringar.</p>	<p>Kulturentreprenørar</p> <p>Sosialt entreprenørskap</p> <p>Ungt entreprenørskap og ungdomsbedrift både i ungdomsskulen og Fitjar VGS</p>	
<p>Innovasjon i kommunale tenester opnar for nye tenesteytande næringar.</p> <p>Lokalisere og utvikle offentlege tenester i regionen.</p> <p>Samordna areal- og transportplanlegging mellom kommunane i Ytre Sunnhordland</p>	<p>Aktivitet- meistring og kultur som aktuelle innovasjonsområde</p> <p>Interkommunale samarbeid, regional arbeidsdeling. Fitjar VGS, statlege tenester.</p> <p>Tannlegeteneste i Fitjar</p>	<p>Folkehelseiltak</p> <p>Reguleringsplan for Fitjar sentrum</p> <p>Ny arealdel for kommuneplan 2024-2036</p>




## Smarte og kompetente kommunale tenester



### MÅL

- Fitjar kommune skal gjennom omstilling møte dei framtidige behova for velferdstenester, gjennom å ta i bruk ressursane til brukarane, kompetansen og engasjementet til leiarar og medarbeidarar, og gjennom samarbeid med lokalsamfunnet
- Fitjar skal nytta sin smådriftsfordel: liten, kjapp og kompetent.
- Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet i tenestene, effektivisere og for å møte rekrutteringsutfordringa.

Fitjar kommune har fire roller, som me forvaltar innanfor våre økonomiske rammer:



## Utfordringar

Kravet til kommunale tenester vil auka i planperioden:

- Endringar i demografi vil auka omfanget av visse velferdstenester, og endra arbeidsformer. Demografisk endring vil auka ressursbehovet innan helse- og omsorg vesentleg.
- Den aldrande befolkninga vil endra sjukdomsbilete og folkehelseutfordringa t.d. kroniske lidingar og demens.
- Reduksjon i økonomisk ramme frå staten vil føra endringar i tenestene sitt omfang, struktur og effektivitet. Me må yte meir for mindre, og ein må i større grad nytta kommunen sine egne inntektskjelder.
- Aukande grad av statleg individuell rettighetsfesting av tenester, vil auka konkurransen om ressursar.
- Kampen om arbeidskrafta vil auka på grunn av demografi, og Fitjar kommune må vera ein attraktiv arbeidsgjevar for å rekruttere og halda på medarbeidarar.
- Digitalisering vil endra brukardialog, arbeidsformer og effektivitet.
- Målretta utvikling av tenestetilbod med vekt på førebygging, eigenmeistring, medviten prioritering, lokalisering og organisering.

I kommuneplanen vil Fitjar kommune ikkje omtale spesifikke kommunale tenester, dimensjonering og lokalisering av desse. Me veit at strukturen i kommunale tenester vil endra seg dei komande åra, og det er ein del av vår omstilling.

Fitjar kommune vil leggje følgjande strategi for vår tenesteyting framover:

### Fokus på brukaren sine ressursar

Kvalitet skal prege alle tenester. I all tenesteyting vil me leite etter brukaren sine egne ressursar, også i familie og nettverk. Ved å fokusere på brukaren sine ressursar får ein ei langt meir aktiv brukarrolle, og ein aukar samspelet med brukaren og den sitt nettverk. Slik kan fleire ressursar mobiliserast og fungere målretta saman. Eit ressursorientert brukarperspektiv tyder også at ein fokuserer på brukaren sine sterke sider. I den aldrande befolkninga er det vesentleg menneskelege ressursar som ein må nyttiggjere seg.

Me vil jobba tverrfagleg med tidleg innsats i alle aldersgrupper, og utvikle verknadsfulle arbeidsmetodar slik at kommunale tenester bidreg til å utjamna sosiale skilnader og uønskt ulikskap i befolkninga. Eit ressursorientert brukarperspektiv skapar meir jamvekt mellom brukaren og tenesteytaren som gjer gjensidige forventingar mogeleg.

I framtida vil ein måtte ivareta individuelle behov og retter, ved bruk av meir allmenne eller fellesskapsorienterte og kostnadseffektive arbeidsformer. Eksempelvis frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, utvikling av lågare trinn i omsorgstrappa. Kommunen må jobba førebyggjande og med dynamisk innsats.

Med utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv vil me leggja til rette for eit mangfald av tilbod om deltaking, aktivitet og opplevingar for alle aldersgrupper. Det utviklar meistring og sosiale fellesskap.



Foto: Mone Nilsen

## Kompetente og engasjerte medarbeidarar er vår største ressurs

Fitjar kommune er ein kompetanseorganisasjon. Gjennom rekrutteringsprosessane skaffar me kompetente medarbeidarar. Alle våre tilsette skal ha formell utdanning, på det nivået som trengst for å løysa arbeidsoppgåvene.

Gjennom kompetanseplanar skal medarbeidarar heva kompetansen ytterlegare, i tråd med organisasjonen sitt fornyingsbehov.

- Fitjar kommune skal ha ei open tilnærming til bruk av ulike profesjonar i oppgåveløysinga, og oppmodar til bruk av tverrfagleg innsats.
- Kompetente medarbeidarar og leiarar skal sikra at kommunen har kunnskapsbasert praksis og verknadsfulle tenester. Organisasjonen skal ha endringskompetanse- og kapasitet. Me skal vera ein lærande organisasjon.
- Me vil mobilisere medarbeidarane til kvalitet i tenestene og engasjement i møte med brukaren.
- Me skal ha kompetente og engasjerte leiarar som einingsleiarar og som toppleiarar.
- Kunnskap, tillit, fridom, engasjement, ansvar og resultat skal prege organisasjonskulturen.
- Me vil ha eit godt og systematisk samarbeid mellom tillitsvalde, hovudtillitsvalde, vernetenesta og arbeidsgjevar, både på einingane og på overordna nivå.



Fitjarstølane kommunale barnehage. Foto: Mone Nilsen

## Digitalisering

«Lyspæra er ikke et resultat av en kontinuerlig utvikling av stearinlyset.»

*Torbjørn Larsen*

Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester. Mål er definert i handlingsprogrammet, og økonomiske innsparingar vert synleggjort i økonomiplanen.

Fitjar kommune må gjennom faglege nettverk løfte blikket og vera strategisk langsente. Me må ha høg kompetanse innan IT. Det vil over tid vera aktuelt å jobba for digitale løysingar saman med andre kommunar i Sunnhordland.

I den digitale endringsprosessen er teknologiske løysingar ca 20%, og organisasjonsendringar 80% av endringa. For å lukkast med digital transformasjon må me bringe ressursar frå ulike fag-/brukarmiljø saman. Fitjar kommune vil ta i bruk nasjonalt kvalitetssikra digitale løysingar i tenestene våre. Det skal vera kort veg gjennom god planlegging, til iverksetting.

Fitjar kommune skal ha heimesider med høg kvalitet, og tilretteleggja for omfattande sjølvbetjeningsløysingar for både innbyggjarane og næringslivet.

Me må jobbe for å redusere digitalt utanforskap blant grupper av innbyggjarane.

Me skal iverksette «Plan for digitalisering 2020-2025» og rullere den jamleg

## Bygge partnerskap mellom kommunen og omgjevnadane – kapasitetsbygging

Kommunen vil aktivt oppsøke om det er mogeleg å byggja partnerskap med strategiske aktørar, i lokalsamfunnet eller regionen. Dette kan vera innan næringsutvikling, infrastrukturbygging, lokalsamfunnsutvikling og i omstilling av kommunale tenester.

- Kommunen skal setja av økonomiske ressursar til å utvikle partnerskap.
- Partnerskapa skal auka kapasiteten for nyskaping og verdiskaping i lokalsamfunnet.
- Fitjar kommune skal fremja godt styresett gjennom våre folkevalde, representative organ.
- Partnerskapa skal etablerast på gjennomsiktede måtar og gjennom ordinære politiske avgjerder, og slik hindre nettverksmakt.
- Fitjar vil leggja til rette for engasjerte ungdomsråd, eldreråd og råd for funksjonshemma.

## Samfunnstryggleik og beredskap

*Krav til kommunal beredskapsplikt ble gjort gjeldene fra 1. januar 2010 gjennom endringer i sivilforsvarsloven. Bestemmelsene om kommunal beredskapsplikt ble videreført i lov 25. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven). Kravene i sivilbeskyttelsesloven er konkretisert i forskrift om kommunal beredskapsplikt*

Veileder for kommunal beredskapsplikt DSB 2018

Mål for kommunens beredskapsarbeid er sett i kommunestyret i 2014, og vil verta rullert i samband med ny heilskapleg ROS. Tiltak som fremjar beredskap skal innarbeidast i økonomiplanen i tråd med rundskriv H-5/18 frå KMD om «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling.»

Kommunen har eit ansvar for å sikre at innbyggjarane har ein sikker og trygg kvardag. Under kriser og katastrofar må kommunen kunne sette i verk tiltak for å verne innbyggjarane og oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar. For å få til dette, skal kommunen jobbe heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, på tvers av sektorar i kommunen. Kommunen sitt beredskapsarbeid utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. For å sikre god samfunnstryggleik og beredskap er det viktig at kommunen har oversikt over kva type hendingar som kan skje i kommunen. Dette skal komme fram av ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), slik at me får oversikt over kva risiko det til dømes er for ras, flaum, epidemiar, sjukdomar, trafikkulykker, svikt i kritisk infrastruktur, reservevasskjelde, atomulykker, stråling og forureining. Nyare sårbare område er: Digital infrastruktur, pandemi, tilgang til medisin og smittevernustyr, klima etc.

For kommunen er det viktig å ha oversikt over kva hendingar som kan hindre at kommunen kan levere tenester til innbyggjarane, til dømes helsetenester, opplæring og vassforsyning. Det er også viktig for kommunen å ha eit apparat som kan handtere akutte kriser og situasjonar. I det daglege er det kommunen sitt brann- og redningsvern som rykkjer ut på kort tid, for å handtere brannar og andre akutte situasjonar. Psykososialt team er også etablert.

Klimaendringar blir ein sentral del av risikobiletet i framtida, og ein kan vente auka nedbør, meir ekstremvær, havnivåstigning og andre gradvise endringar som vil få store konsekvensar for helseforhold, jordbruk, fiskeri, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. I tillegg kan det få konsekvensar for kvar innbyggjarar kan byggje hus og etablere seg. Kommunen skal ha eit medvite forhold til

klimateilpassing i utbyggingspolitikk og i kommunale tenester, og det skal innarbeidast i kommunal planlegging.



Miljøgata, foto: Mone Nilsen

## Den grønne kommunen



### MÅL

- Fitjar skal redusere sine klimagassutslepp i tråd med nasjonale krav ( 2020: 45 % innan 2030 og 70% innan 2040 for å nå målet om 80-90 % reduksjon innan 2050 (1-2 tonn CO2 per innbyggjar).
- Fitjar kommune skal ha ambisiøse klimamål i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.
- Fitjar kommune må utvikle samarbeid med næringsliv og sivilsamfunn i Fitjar for å nå måla.
- Fitjar skal nytta sine fortrinn innan grønne/blå næringar for å oppretthalda og skapa nye arbeidsplassar.
- Fitjar kommune skal sikra ei berekraftig arealforvaltning.

Namnet Fitjar er fleirtal av det norrøne fit, som tyder «frodig eng attmed vatn» (Norsk stadnamnleksikon,1997). Jordbruksbygda har driftige bønder som bidreg til lokal og trygg matproduksjon, og sørgjer for at landskapet og dyrkbar jord er i god hevd. Noko av kommunen sin stoltheit er det vakre og verdifulle kyst- og kulturlandskapet i Fitjarøyane som får mykje merksemd og tiltrekkjer seg turistar. I Fitjar vil me vera med å ta ansvar for produksjon av fornybar energi og vindparken i Midtfjellet er ei viktig satsing på den vegen. Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS sitt avfallsdeponi ligg i kommunen, og me var tidleg ute med kjeldesortering for innbyggjarane som skal vere godt rusta for ei større satsing på sirkulær økonomi. Havbruk er ei anna viktig grøn satsing i kommunen med potensial for berekraftig vekst både til sjøs og på land. FN's klimapanel og naturpanel har gjort det klart for oss alle at det er heilt naudsynt at me omstiller oss til eit lågutsleppsamfunn som tek vare på det biologiske mangfaldet. Fitjar vil nytta våre fortrinn til å skapa ei utvikling i endå grønare retning.

### Aktivt landbruk

Fitjar er ein aktiv landbrukskommune med dugande og interesserte bønder. Næringa er dominert av husdyrhald med storfe og sau, og jordbruksarealet vert dermed i det alt vesentlege nytta til fôrproduksjon. Kommunen har framleis relativt mange mjølkebruk og eit godt produsentmiljø for denne næringa. Den generelle strukturendringa med færre og større einingar gjer seg gjeldande også her, men produksjonsvolum og jordbruksareal i drift går ikkje ned. Tvert om vert det utført ein del nydyrking, og fleire av bøndene satsar på nybygging og eit utvida produksjonsomfang.

Noko av det beste jordbruksarealet i kommunen finn ein på gardsbruk som grensar til tettstaden Fitjar. Velstelte bruk set på denne måten preg på kommunesenteret og gjer landbruket synleg for

bygdefolk og tilreisande. På den andre sida kan nærleiken til bustad- og næringsareal leggja press på arealet, og jordvern vert eit svært sentralt spørsmål.

Jordbruksareal i drift i Fitjar kommune er om lag 7 500 dekar, medan produktiv skog utgjer i overkant av 15 000 dekar. Det vert levert mjølk frå 13 føretak med til saman ca 300 kyr, og det er registrert 51 sauebruk med om lag 1500 vaksne dyr i sum. Det er nokre bruk med ammeku og kjøttproduksjon, og eit fåtal bønder driv med svinehald og eggproduksjon. Noko potetdyrking har ein også, men svært lite salsproduksjon av grønnsaker, frukt og bær.

Landbruket er ei viktig næring for Fitjar-samfunnet. Dette gjeld mellom anna mattryggleik, sysselsetting og etterspurnad etter varer og tenester i lokalsamfunnet. Ei anna viktig side ved næringa er vedlikehald av kulturlandskapet. Landbruket tek også vare på kunnskap og tradisjonar og gjev eit viktig bidrag til trivsel og levande bygder. Dette verdifulle arbeidet bør også løftast fram i opplæringa til barn og unge i kommunen.

For «den grønne kommunen» er det fundamentalt å leggja til rette for eit aktivt landbruk også i framtida. Utviklinga av kommunen må vera basert på eit strengt jordvern, og det bør etablerast gode buffersoner mot jordbruksareal ved utbygging av til dømes bustad- og næringsområde. På den måten vil ein redusera faren for interessekonfliktar knytt til arealbruken i framtida. Landbruket i Fitjar må også gjere dei naudsynte tiltaka som reduser klimagassutslepp og tilpassa seg eit endra klima.

Dei seinare åra har det vore nokre få etableringar av lokal foredling av gardsprodukt i kommunen. Her bør ein leggja til rette for ei vidare utvikling av lokal foredling og sal, gjerne knytt til lokale mattradisjonar. Det er også eit potensiale for meir plantedyrking. Landbruket bør i tillegg satsa meir på tenesteyting som er knytt opp mot gardsdrifta, det ein i dag kallar «Inn på tunet». Dette kan handla om oppleving, læring og terapi, og kommunen kan vera ein aktuell samarbeidspartnar.

## Nasjonalt viktig kulturlandskap i Fitjarøyane

Fitjarøyane er eit særskilt viktig kulturhistorisk område i kommunen som me skal ivareta og føre vidare til komande generasjonar. Verdiane er knytt opp til kystgardane, kystlynghei, handelsstaden Engesund og fornminne (Jfr rapport ISBN 978-82-75-74115-6 Riksantikvaren 2016). Fitjar kommune tok i 1986 formelt på seg ansvaret å forvalte kystlyngheia i Fitjarøyane og dette forpliktar oss som kommune (sjå rapport «Fitjarøyane – erfaringar etter 15 år med lokal forvaltning», UIB Institutt for geografi 2006).

Hovudmålet i Fitjarøyane er å halde landskapet ope og ta omsyn til landskap og kulturmiljø. Moment for å lukkast:

- Formidle kunnskap og skape stoltheit omkring dei nasjonale verdiane i Fitjarøyane.
- God kommunikasjon med eigarar og brukarar.
- Stimulere til aktiv landbruksdrift tilpassa kystgarden sine ressursar og informere om aktuelle støtteordningar.
- Vera pådrivar for prosjekt som fell saman med målet om å ivareta det kulturhistoriske landskapet, t.d. «Fjerning av sitkagran», «Temasamlingar for kystgard og kystlynghei» og «Brenning av kystlynghei».
- Støtte opp om lag og organisasjonar som jobbar målretta for å ivareta dei kulturhistoriske verdiane i området.
- Aktiv bruk av kulturminneplan og naudsynt oppdatering av planen.

- Omsynssone rundt det kulturhistoriske landskapet av nasjonal interesse, og tydelege føresegner og retningslinjer i kommuneplanens arealdel, er av stor betydning.
- Unngå nye bygningar som undergrev den tradisjonelle byggeskikken på kystgardane.
- Gjera Fitjarøyane meir tilgjengelege for kortreiste opplevingar.

## Fitjar i vinden

Midtfjellet Vindpark AS var tidleg ute i norsk målestokk med å etablere landbasert vindkraftindustri i Fitjar kommune. I dag er det 55 vindmøller som produserer 433,7 Gwh i eit område på ca 10 km<sup>2</sup>. Midtfjellet forsyner 20 000 hushaldar med energi, tilsvarande alle hushaldar i Sunnhordland. Anlegget har hatt lokal verdiskaping med tanke på arbeidsplassar, og inntekter til kommune og grunneigarar. I tillegg har vindparken opna fjellet for ny aktivitet: 30 km med veg for gåande og syklande, køyreveg til Oldstjørna og parkeringsplass med lettare inngang til fjellet på Stord, lysløype til Svartavatnet og nydyrking mm. Fitjarfjellet ligg inne i NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraftutbygging (april 2019), men det er presisert at dette ikkje er ein utbyggingsplan. Vindparken er mykje nytta til friluftsliv og blir sett på som positivt i eit folkehelseperspektiv, men nokon opplever den som negativ for helsa si. Kommunestyret fatta i sak 38/19 om høyring til NVE nasjonal ramme for vindkraft: pkt 5 « *Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei større utbygging i Grønafjellet eller andre stadar på Stordøya må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.*»

## Sirkulærøkonomi – eit kretsloop der minst moglege ressursar går tapt

Auka velstand og kjøpekraft set ressursane på kloden under sterkt press og gjer målet om berekraftig utvikling endå viktigare. Europakommisjonen har hatt dette på dagsorden i mange år, men det krev store endringar og omlegging av måten ein nyttar ressursane i samfunnet på. Den sirkulære økonomien skal bidra til at ressursane vert verande i økonomien, og vekst og utvikling må skje i takt med det naturen kan tole. Materialgjenvinning vil sei at utsorterte avfallsfraksjonar vert til nye material, og dette skal gå foran energiutnytting av avfallet i den sirkulære økonomien.

Fitjar er 1 av 7 eigarkommunar i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM), og hovudmålet til selskapet er å redusera den totale avfallsmengda, skapa ressursar av det avfallet som oppstår i regionen, og ta ansvar for restavfallet. I Svartasmoget finn ein deponi for slutthandsaming av avfall, komposteringsanlegg og miljøsentral.



Kystlynghei, foto: Aase Rygg H.Nøttveit



## Biologisk mangfald

Den store variasjonen av naturtypar er ein viktig del av naturmangfaldet, både som levestad for artar og som økosystem. Område med særst høge verdi eller lokalt særreigne naturtypar og artar, må takast vare på og skjøttast, og områda må vektleggast i kommuneplanlegginga.

FNs naturpanel kom ut med sin første rapport i mai 2019, og hovudbodskapen i rapporten er at naturen er i trøbbel. Over 2000 artar er utrydningstrua i Noreg og den største trusselen mot biologisk mangfald er at me byggjer ned areala der artane lever. Artsmangfald er vårt livsgrunnlag og tap av dette kan truge matproduksjonen og gjere oss meir sårbare mot klimaendringane. Det er lovpålagt (Naturmangfaldlova), men særst krevjande å få ei god nok vurdering av konsekvensar for naturmangfaldet i samband med arealplanlegging og tiltak i vatn og på land.

### Liv over vatn

Rapporten «Kartlegging og verdsetting av Naturtypar i Fitjar og Stord» (MVA-rapport 2/2008) er eit viktig bidrag til å auke kunnskapen om biologisk mangfald lokalt, men det vil vere trong for å revidere den i planperioden.

Eit område som er trekt fram i rapporten er Grønafjellet som er den vestlegaste lokaliteten for reinrose i Hordaland. Reinrose er ein god indikator for kalkkrevjande fjellvegetasjon, og på Grønafjellet veks den saman med m.a. dvergbjørk, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel og svarttopp. I det same område er det også dokumentert eit rikt fugleliv: Heilo, storlom, jordugle, orrfugl, raudstilk, strandnipe, enkeltbekkasin, tårnfalk og dvergfalk.

Fitjar har følgjande naturreservat:

- Vestbøstادتjørna naturreservat
- Rimbareidtjørna naturreservat
- Eggholmen naturreservat
- Tangbleikjo naturreservat

### Liv under vatn

Kjente registreringar av marine naturtypar og artar er kartfesta m.a. i Naturbase og Artsdatabanken. Det er manglande kunnskap om det marine miljøet, og med eit stadig aukande press på kystområda, er det særst viktig å kartlegge naturtypar i sjø. I 2011 vart marine naturtypar kartlagt i Hordaland og omfattar 12 naturtypar og tre nøkkelområde for særlege artar. Det er ei viktig oppgåve for kommunen å avklare kva for område som er egna til akvakultur og som ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldet.

Korallfjørekomstar har eit rikt dyreliv og spelar ei viktig rolle i marine økosystem. I Fitjar er det registrert ein fjørekost i Bjørnefjorden, og det er fleire registreringar både i Langenuen og Stokksundet. Det er behov for å kartlegge ytterlegare for å få oversikt over utbreiing og lokalisering.

Dei største kamskjelfjørekomstane i kommunen som er registrert er for det meste i ytre del av Fitjarøyane i nordvest (jfr naturbase). Andre viktige marine naturtypar som gytefelt for torsk, blautbotnområde og sterke tidvasstraumar går fram av Fitjar kommune sin arealdel i kommuneplanen (2012).

I Fjordabekken (ein del av Stemmetjørnvassdraget) lever den prioriterte arten elvemusling, som er ein sårbar art og står på Norsk raudliste. I 2018 er det rapportert at bestanden i Fitjar har vist positive teikn dei siste åra.

## Fiskeri og- havbruk

Kommunen har fleire fiskeområde som er med på å skape grunnlag for kystfiske i regionen. Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon og er avhengig av eit reint og produktivt kystvatn. I tillegg er ein avhengig av eigna areal til å fiske på. Det er eit faktum at det kan oppstå arealkonfliktar mellom fiskeri og havbruk, og målet i Fitjar kommune er god sameksistens og god kvalitet for norsk sjømat totalt sett.

Akvakulturnæringa har i løpet av dei siste 40 åra gjennomgått ei rivande utvikling, og næringa har etablert seg som ei av våre viktigaste kystnæringar. Fitjar har lange tradisjonar innan akvakultur og det er i dag ein unik og høgt kvalifisert kompetanse på område i Sunnhordland.

Berekraftig akvakulturverksemd må kjenneteiknast ved å skje innanfor rammer som er akseptable for miljøet og for samfunnet. Utgangspunktet må vera at verksemda ikkje medfører varige (irreversible) konsekvensar for miljøet. Reversible konsekvensar bør avgrensast, og eit område skal kunna stå frem som upåverka etter ei tid med brakklegging.



Foto: Stein Erik Gilje

Dagens merdteknologi med opne nøter vil vera rådande i mange år framover og lakseartane dominerande i akvakulturnæringa. Samstundes ser ein for seg at det også vil skje ei teknologisk utvikling mot lukka anlegg, semi-lukka anlegg, havgåande anlegg og landproduksjon. I tillegg til dette er tare dyrking noko som kjem meir og meir, samt at næringa og forskingsmiljøa ser på moglegheiter for å kombinere ulike artar for å skape positive synergieffektar (polykultur/integrert havbruk). Døme her kan vera oppdrett av laks/regnbogeare i kombinasjon med tareskog og blåskjel. Nye produksjonsmåtar og artar vil kunne krevje anna type sjøareal enn dagens merdteknologi og områder som vert utnytta.

Utviklinga i akvakulturnæringa går i retning av færre og større lokalitetar. Dette er det viktig at blir teke høgde for når arealdelen i kommuneplanen skal rullerast. Område med føremål akvakultur som skal satsast på må vere store nok, og lokalitetar som vert flytta må fjernast i kartet.

Dersom næringa løyser utfordringane knytt til lusesituasjonen, vil det vera mogleg å auke produksjonen gjennom tilgang på meir areal, utviding av eksisterande lokalitetar, samt endring i produksjonsmetode postsmolt. nasjonale målsetnadar om berekraftig utvikling må ligge som premiss for vurderingane som arealmessig legg til rette for produksjonsauke. Fitjar kommune vil halda fram med å tilretteleggja for havbruksnæringa både på sjø og land.

## Omstilling til lågutsleppsamfunn

Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar i omstillinga til lågutsleppsamfunnet, og Fitjar kommune skal utvikle seg til å ta den naudsynte leiarrolla for at heile Fitjar samfunnet skal bli miljømessig berekraftig. Klimautfordringa er kompleks og inneberer målkonfliktar, og utfordrar oss på korleis me organiserer samfunnet.

Lågutsleppsamfunnet er ein levestad med kvalitet som legg vekt på gode fellesskapsløysingar, er nyskapande og endringsviljug. For å lukkast i dette arbeidet må me arbeide parallelt på desse 3 nivåa:

1. Effektivisering
2. Utvikling
3. Omstilling

Effektiviseringstiltak er tiltak som tek i bruk kjente løysingar. Utvikling inneber at bustad, transport og næringslokale vert dekkja på andre område enn i dag. Det ligg eit stort potensial knytt til det å utvikle heilskaplege løysingar, til dømes sentrumsutvikling. Omstilling vil i praksis krevja samarbeid på tvers av etablerte ansvarsområde og forvaltningsnivå. For å lukkast med omstilling til lågutsleppsamfunnet vert det anbefalt å realisere fleire viktige samfunns mål, til dømes grøn næringsutvikling, positive helseeffektar og klimatilpassing.

I denne planperioden vil miljøsatsinga ha hovudfokus på transport, bygg og mat. For å lukkast i dette arbeidet må miljø innlemmast i alle ledd i kommunen si verksemd, og kommunen skal leggje til rette for at næringsliv og innbyggjarar kan bidra monaleg i reduksjon av klimagassar og tilpassa seg eit endra klima.

## Klimarekneskap

Fitjar kommune vedtok i budsjettet for 2019-2022 «Fitjar – den grønne kommunen» med kommunale satsingar på miljø- og berekraft, og Fitjar rådhus skal bli miljøsertifisert innan 2020. Kommuneplanen skal erstatta kommunen sin klima- og energiplan, og me foreslår at det vert innført klimarekneskap som inkluderer både indirekte og direkte utslepp. Eit sentralt tema er korleis kommunen kan bidra til å utvikle førebyggjande løysingar som reduserer trong for ressursbruk som fører til klimagassutslepp.



Ladestasjon sentrum. Foto: Mone Nilsen

## Utsleppsmål

Avfall og avløp, vegtrafikk og landbruk står for dei største utsleppa i Fitjar (Miljøstatus, 2016). I tillegg kjem utslepp frå sjøfart, men talmaterialet inkluderer også skipstrafikk som passerer gjennom skipsleiene, noko kommunen har begrensa moglegheiter til å redusere åleine.

Fitjar skal redusere sine klimagassutslepp med 45 % innan 2030 og 70% innan 2040 for å nå målet om 80-90 % reduksjon innan 2050 (1-2 tonn CO<sub>2</sub> per innbyggjar). Bygg og anlegg skal bli utsleppsfrie innan 2025. For å lukkast med å nå dei ambisiøse miljømåla er det heilt naudsynt at både kommunen og heile lokalsamfunnet omstiller seg og jobbar målretta i lag.

## Utslepp – energibruk

Fitjar skal ha ei robust og stabil energiforsyning og ha ein arealintensiv utnytting av energi. Kommunen skal stimulera til gode klima- og energiløysingar i kommunale bygg og gjennom all utbyggingspolitikk. Det skal vere enkelt for næringsliv og husstandar å satse på klimavenlege energiløysingar, som til dømes solpanel på hustak.

## Utslepp – arealforvaltning

Mykje av utsleppa kan bli redusert gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Å redusere det daglege transportbehovet vil vere eit viktig tiltak for å nå lokale utsleppsmål. Sjå og avsnittet om «grøn mobilitet».

## Utslepp – innkjøp

Fitjar skal stille klimakrav i innkjøpsreglement og anbod som blir lyst ut. Det betyr mellom anna effektivisering av lokale transportbehov, meir bruk av tre og naturmaterielar i bygg og krav til at nybygg skal vere fossilfrie, ha passivhusstandar eller plusshus.

## Låg klimarisiko

I planperioden kjem krav om klimaprofil til å bli meir gjeldande i heile samfunnet, ikkje minst innan økonomisk sektor. Bank- og finansvesen, potensielle arbeidsgjevarar, investorar og næringslivet generelt, kjem i stadig større grad til å leggje klimarisiko inn i sine vurderingar. Fitjar har som mål å vere ein låg klimarisiko kommune. Det vil sei at konsekvensane av klimaendringane med omsyn til samfunn og helse, økonomiske verdiar og natur og kulturminne skal bli lågast mogleg.

## Klimatilpassing

Fitjar kommune skal ha ein robust infrastruktur som toler eit endra klima; Havnivåstigning, overvatn, stormflo, stormvêr og tørre sumrar mm. Tiltak langs sjøen må ta høgde for auka havnivå. For å avgrense overfløyming kan det vere gunstig om meir vatn blir handtert utanfor eigne leidningar i bakken. Det kan gjerast gjennom tiltak som flaumvegar, opning av bekker, mindre asfalt, fleire grønne område som drenerer vatn og grønne tak og vegger. Alle områder for nybygg og transformasjon samt infrastruktur må vere dimensjonert for kraftig stormvêr og store nedbørsmengder. Både med omsyn til drikkevatt, akvakultur og landbruk må me ha tilstrekkelege reservar med reint vatn for lange tørkeperiodar.

Slik vil me ha det	Slik gjer me det	Arealstrategi, oppfølging
<p>Eit aktivt og klimaklokt landbruk.</p> <p>Auka satsing på lokal foredling av gardsprodukt, og utvikle tenesteyting med garden som ressurs.</p>	<p>Det skal førast eit strengt jordvern.</p> <p>Miljøvenleg lagring og spreing av gjødsel, biogassanlegg av husdyrgjødsel, aktivt skogbruk</p> <p>Hjelpe bønder som vil satse på tilleggsnæringar i landbruket.</p>	<p>Gode buffersoner mot jordbruksareal ved utbygging av til dømes bustad- og næringsområde i KPA.</p>
<p>Ope landskap og ansvarleg forvaltning av dei nasjonalt viktige kyst- og kulturhistoriske verdiane i Fitjarøyane.</p>	<p>Auke kunnskapen og stoltheita over det kulturhistoriske landskapet. Stimulere til aktiv landbruksdrift tilpassa kystgarden sine ressursar.</p> <p>Oppdatere kulturminneplanen innan 2025.</p> <p>Opne for meir tilgang til Fitjarøyane</p>	<p>Omsynssone rundt det kulturhistoriske landskapet av nasjonal interesse i KPA.</p>
<p>Sirkulær økonomi skal vere eit overordna mål.</p> <p>Redusere ressursbruk, miljøødelegging og klimagassutslepp i produksjon av varer.</p>	<p>65 % av alt kommunalt avfall skal materialgjenvinnast innan 2030.</p> <p>Handtering av kommunen sitt næringsavfall skal følgje prinsippa i den sirkulære økonomien.</p> <p>Redusere matsvinn i kommunale tenester med 25 % innan 2023 (samanlikna med 2018)</p>	<p>SIM, kommunen, næringsliv</p>
<p>Beskytte, betre og fremme berekraftig bruk av økosystema.</p> <p>Sikre berekraftig skogforvaltning og stanse tap av artsmangfaldet.</p>	<p>Auka kartlegging av biologisk mangfald på land og i vatn for å betre kunnskapsgrunnlaget.</p> <p>Aktivt legge til rette for insekta i arealforvaltning, landbruket og hjå innbyggjarane.</p>	<p>Naturmangfald kan synleggjerast som omsynssoner eller føremål knytt til grønstruktur i KPA.</p>
<p>Berekraftig utvikling av akvakulturnæringa må ligga til grunn for næringa si vekst.</p>	<p>Redusere lusebestanden og rømming av fisk.</p> <p>Ivareta utviklingsmuligheter for oppdrettsnæringa i Fitjar kommune, både på land og i sjø.</p>	<p>Avklare fleire område som er egna til akvakultur, og som ikkje kjem i konflikt med naturmangfald og miljø.</p>
<p>Avklare fleire område som er egna til akvakultur, og som ikkje kjem i konflikt med naturmangfald, fiskeri og miljø.</p>		<p>Innarbeidast i arealdelen</p>

Ivareta fiskeområda i kommunen	Sikre god infrastruktur (vegar, kaiar), beskytte fiskeområde mot arealkonflikt og redusere forureining.	Kommuneplanen sin arealdel
Fitjar <b>kommune som organisasjon</b> skal kutte sine klimagassutslepp med 70% innan 2030	Etablere klimatiltak i eigen organisasjon innan fornybar energi, bygg, VAR og transport, innkjøp og mat.  Klimamål- og tiltak i sentralt planverk.  Legge til rette for grøn innovasjon og mobilitet.	Ta monalege klimaomsyn i KPA.  Føre ein samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.  Etablere klimarekneskap.
Fitjar kommune skal vera fossilfri innan 2030 (med unntak av brannbilar)	Elektrifisere/utsleppsfri transport i kommunen si eiga drift. Klima- og miljøkrav ved innkjøp, samordna med andre kommunar i Sunnhordland. Miljøsertifisere kommunal verksemd. ENØK-tiltak i bygg. Fossilfri byggeplass for kommunale bygg.	
Alle vassførekomstar i Fitjar kommune (kystvatn, innsjøar og elver) skal ha «god tilstand» eller betre innan 2027 og seinast 2033.	Arbeide for å sikre ei heilskapleg og økosystembasert vassforvaltning, og følgje opp Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 og 2028-2033. Realisere ny hovudplan for vatn og avløp.	Sunnhordland vassområdeutval. Vestland vassregionutval.
Fitjar kommune skal ha låg klimarisiko.	Klimatilpasse infrastruktur, spesielt med omsyn på høgare havnivå, overvatn, storm og vassforsyning.	Følgje opp krav om klimatilpassing i planar som gjeld samfunnstryggleik og beredskap.
Heve kompetansen hjå barn og unge innan matproduksjon og foredling, sirkulær økonomi, klima- og energi.	Betre samarbeid mellom skulane og det lokale næringslivet innan avfall, fornybar energi, landbruk og havbruk.	
Kommunen skal utvikle trygge og robuste lokalsamfunn og har eit grunnleggjande ansvar for å verna innbyggjarane og bidra til å oppretthalda kritiske samfunnsfunksjonar	Samfunnstryggleik som tema i kommunale planar. Oppdatert heilskapleg ROS analyse med handlingsplan, og oppdatert beredskapsplan. Årlege øvingar i kriseleiinga.	Vurderingar i plan- og byggesaker og kommuneplanen sin arealdel.

## Sterke saman – regionalt samarbeid



Utviklinga i éin kommune i Sunnhordland verkar inn på utviklinga i nabokommunane. I tråd med FN sine berekraftsmål skal me støtte opp om økonomisk, sosialt og miljømessig samarbeid mellom byområde, omland og distrikta. Regionalt samarbeid om overordna planar er her ein nøkkel. Å samarbeide på tvers av kommunegrensene folkevalde i mellom, har me positive erfaringar med, og skal halde fram med. Me skal vere nysgjerrige på nye måtar å gjere ting på.

Kommunane Bømlo, Stord og Fitjar utgjer ein felles bu- og arbeidsmarknad med regionsenterfunksjonane lagt til Stord. Næringslivet i desse kommunane er grunnleggjande med omsyn på arbeidsplassar, bruk av ressursar og kompetanse, og variasjon og attraktivitet i arbeidsmarknaden på tvers av kommunegrensene. Fortrinn må synleggjerast.

Bømlo, Stord og Fitjar står opp om at kommunane i Sunnhordland skal ha felles høge klimaambisjonar i kommuneplanane sine. Ei regional tilnærming til klimaarbeidet vil gje større heilskap og betre resultat. Me er også positive til å utvikle felles mål og strategiar for viktige plantema i regionen, som attraktive senter, lokal- og regional mobilitet, klimaleiing og næringsutvikling for dei tre kommunane.

Frå 2019 har Fitjar, Stord og Bømlo kommune samarbeidd i prosjektet «Samskaping i plan», og slike samarbeidsformer må bli utvikla vidare. Viktige samarbeidstema i både kommuneplanar og i samarbeidsrådet for Sunnhordland, er:

- konkretisering av FN sine berekraftsmål i planlegging
- Samordne planarbeid og koordinere det som får konsekvensar på tvers av kommunegrenser, spesielt langsiktig areal-, bustad- og transportpolitikk. Utvikle regionsenter og kommunesenter som byggjer samla attraktivitet.
- klimaomstilling – felles ambisiøse klimamål, samarbeide om klimatilpassing, grønne innkjøp
- infrastruktur – samkøyre oss i arbeidet med infrastrukturprosjekt på land og sjø. Vere frampå i å betre mobilitets- og kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
- nærings- og arbeidslivsutvikling – energi, havbruk. Synleggjere og støtte opp om kvarandre sine næringsklynger
- kunnskap og kompetanse - støtte opp om, og utvikle, kvarande sine kompetansmiljø inkludert vidaregåande skular.
- reiseliv - utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring for Sunnhordland og lokale reiselivsmål, her under vere pådrivar for felles kultur- og identitetsskapande arbeid.
- Vurdere å utvikla meir interkommunalt samarbeid, inkludert arbeid med transportplanlegging og sjønære næringsareal

Dersom det vert aktuelt med kommunestrukturændring i planperioden 2020-2040 vil Fitjar tilrå ei større regional løysing i Sunnhordland.